

FRIVILLIGHETSPRISEN 2025 – GRUNNGJEVING

Bjørnar Bryningsland får Bokn kommune sin frivillighetspris 2025. Han får prisen for sitt sterke og langvarige engasjement for barn og unge gjennom fotball, speidar og motorsportklubb. Han har lagt ned ein stor frivillig innsats i å bygga opp Bokn motorsportklubb frå grunnen av, og har samla både sponsorar og frivillige rundt eit inkluderande og meningsfullt tilbod.

Gjennom tydelege rammer og stort personleg engasjement har han skapt eit trygt miljø der barn, ungdom og vaksne møtest på tvers av generasjonar. Motorsportklubben gjev ungdom ein viktig sosial møteplass og eit variert aktivitetstilbod, og trekker til seg deltakarar i alle aldrar og av begge kjønn, også frå nabokommunane.

For evna til å samla menneske, skapa fellesskap og bygga eit varig frivillig tilbod i Bokn kommune, er Bjørnar Bryningsland ein verdig mottakar av frivillighetsprisen.

KULTURPRISEN 2025 – GRUNNGJEVING

Merete Alvestad får Bokn kommune sin kulturpris for 2025. Ho får prisen for den mangeårige og ekstraordinære innsatsen sin i speidararbeidet på Bokn. Ho har vore ein pådrivar, motivator, organisator og ofte sjølv redningskvinna for speidaren - ein innsats som har vore avgjerande for at tilbodet framleis eksisterer.

Sjølv utan eigne barn i speidaren har ho saman med ektemannen Finn brukt både tid, krefter og eigne midlar for å gi barn og unge høve til å dra på leir og delta i meningsfulle aktivitetar. Merete har lagt ned tallause timar av fritida si for å sikra at barn og unge i bygda får ein trygg og givande fellesskap fylt med læring, gode verdiar og opplevingar som følger dei vidare i livet.

I tillegg har ho vore sentral i lokale arrangement som St. Hans-feiring og 17. mai-leikar, og dessutan vist stort engasjement i frivillig arbeid i kyrkja. Energien hennar, nærværet og varmen gjer henne til ein viktig vaksenperson for mange på Bokn.

Merete har gjort ein formidabel jobb for både speidaren og bygdesamfunnet, og har utvilsamt sett varige spor. Ho er eit fyrverkeri av eit menneske og ein kandidat som i høgaste grad fortener årets kulturpris.